



Møtereferat

Ref. dato: 03.03.2016

Emne:	Referat frå Regionalt planforum for Os kommune 23.02.2016 <ul style="list-style-type: none"> • Rullering av arealdelen av kommuneplanen • Områdeplan for Osøyro/ framlegg til planprogram 	
Til stades:	<p>Eva Katrine R. Taule Tina Sinclair Sigrid Næsheim Bjercke Gunnhild Raddum Kari Elster Moen Toralf Otnes Gudrun Elisabet Stefansdottir Hege Hellesøe Grete Riise Anniken Friis Anne Mette Nesje Porten Monika Cecylia Serafinska Terje Søviknes Gustav Bahus May-Britt Hardingstad Mjøs Harald Døsen Aina Tjosås Asle J. Andås Henning W. Ribe Mathilde I. Johnsen Fredrik Seliussen</p> <p>Deltok ikkje - melding mottatt: Biskopen Direktoratet for mineralforvaltning</p>	<p>HFK-plan HFK-plan HFK-plan HFK-samferdsel SVV NVE FM- Kommunal og samfunnsplanavdelinga FM-Kommunal og samfunnsplanavdelinga FM-folkehelse FM-Miljøvern og klimaavdelinga HFK-næring/folkehelse HFK-fylkeskonservator Os-Ordførar Os-Leiar plan- og bygningsutvalet Os-Nestleiar plan- og bygningsutv. Os-Medl. Au plan- og bygningsutv. Os-Plan- og utviklingssjef Os-Fagleiar plan Os-Arealplanleggjar/arkitekt plan Os-Arealplanleggjar plan Os kommune</p>
	Sak: 2014/13624-94	
Møtetid:	9 – 12.00	Møtestad: Møterom Sunnhordland, Fylkeshuset

Møteleiar: Eva Katrine Taule

Referent: Tina Kvammen Mjøs Sinclair

1 Innleiing og bakgrunn

1.1 Innleiing

Konstituert plansjef Eva Katrine Taule, ønske velkomen og orienterte kort om målsetjinga for planforum, som et verkemiddel for å bidra til gjensidig informasjon, drøfting og avklaring av planspørsmål og sektorinteresser mellom kommunar, fylke og sektormynde. Planforum skal òg bidra til betre samordning av ulike interesser og syn, raskare avklaring og ein meir samstemt praksis i plansaker i fylket. Planforum medverkar til å styrke planlegginga generelt og til å redusere talet på motsegner.

1.2 Kommunen presenterer sine hovudutfordringar

Ordførar Terje Søviknes orienterte kort om kommunen sine største utfordringar og prosessane med rullering av arealdelen og områdeplanen for Osøyro:

- Omeignskommunene tar ein større vekst enn Bergen, noko som gir ein forventta folketilvekst på 2,5% i året. Dette er ei sentral utfordring å handtere på ein god måte.
- Kommunen ønskjer ein tett samheng mellom dei formelle plannivåa i pågåande planer, slik at føringane frå samfunnsdelen blir tatt vidare i rulleringa av KPA, og i områdeplanen for Osøyro.
- Kommunen har definert 4 fokusområde:
 - Bustad
 - Arbeid- der Osøyro og Lyseparken er sentrale område
 - Infrastruktur- der førebuing av effekten av dei store samferdsleprosjekta knytt til E39 og ferjefri veg sørover står sentralt
 - Sentrum Osøyro og senterstrukturen generelt. Liv på Øyro prosjektet vert ført vidare. I dette prosjektet er det stor fokus på gjennomføring, knytt til at det er mange, ulike små aktørar på eigarsida i sentrum. Det skal leggast til rette for byliv og opplevingsbyen, særleg etter kl. 15. Ordføraren peiker på at ein har eit avgrensa tidsvindu for Osøyro, før Lyseparken- området vert utløyst av ny E39, og fokus dreier seg dit.

2 Rullering av arealdelen til kommuneplanen

2.1 Innmeldte hovudtema til planforum for rullering av arealdelen til kommuneplanen

Os kommune har meldt inn følgjande:

- Rullering av arealplanen i samsvar med gjeldande planstrategi.
- Gjeldande arealplan er utarbeida etter «gamal» plan- og bygningslov.
- Arealplanen skal vere eit kartmesseleg bilete av dei prioriteringane som er gjort i samfunnsdelen.

Ein fokuserer på 5 hovudtema:

- Senterstruktur
- Bustadområde
- Infrastruktur
- Næringsområde
- Strandsona

2.2 Orientering frå kommunen

Arealplanleggjar Asle J. Andås presenterte planprosessen for arealdelen. Framsyninga som vart brukt ligg ved referatet.

- Bakgrunn:
 - Gjeldande plan er frå 2012 og etter gammel PBL
 - Samfunnsplanen vart vedtatt i 2015 og skal leggjast til grunn for KPA rulleringa
- Prosess:
 - Planprogrammet er ikkje handsama politisk, men er eit foreløpig utkast frå administrasjonen. Ein planlegg høyring og offentleg ettersyn av planprogrammet i mars 2016
 - Medverknad i denne perioden inkluderer folkemøte og open kontordag
 - Ein planlegg vedtak av program i september 2016 og ferdig vedtatt rullering av arealdelen i kommunestyreperioden
- Viktige utviklingstrekk for Os:
 - Folkevekst
 - Infrastruktur
 - Næringsutvikling
 - Miljø og klima
- Nokre hovudutfordringar:
 - Vekst
 - Korleis gjennomføre senterplanen

2.3 Tilbakemelding og innspel frå planforum

Generelt:

- Planforum ser det som positivt at Os tar initiativ til dialog tidleg i planprosessen.

Bruk av sentrale omgrep

Ordførar orienterte kort om omgrepa visjon og misjon:

- Visjon er framtidsbildet for Os- kor er det Os skal?
- Misjonen er eit uttrykk for kommunen si oppgåve, formulert med slagordet 'Livskvalitet for alle'

Overordna rammer og premisser for planarbeidet

Statleg nivå:

Eldre retningslinjer og supplerings av kunnskap:

- Statlige planretningslinjer for samordna bolig-, areal- og transportplanlegging, fastsatt ved kgl. res. av 26.09 2014, jf. plan- og bygningsloven av 27. juni 2008, § 6-2, erstattar dei eldre retningslinjene frå 1993
- T-5/97 Fareområder Arealplanlegging og utbygging i fareområder, er etterkvart gamal og bør supplerast med følgjande:
- DSB nr 11: Samfunnssikkerhet i arealplanlegging - Kartlegging av risiko og sårbarhet. (Revisjon 2011)
- DSB nr 12: Samfunnssikkerhet i plan og bygningslove (2012)
- BE: Temaveiledning om utbygging i fareområder i ny utgåve (2009)
- NVE: Flaum- og skredfare i arealplanar. (Revidert 2014)

I tillegg bør følgjande retningslinjer leggjast til grunn:

- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, fastsatt ved kgl.res. av 25. mars 2011, jfr. plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 § 6-2
- Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunane, fastsatt ved Kronprinsreg.res. 4. september 2009
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga, vedtatt i statsråd 1. september 1989
- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag Gitt ved kongelig resolusjon av 10. november 1994, jf. plan- og bygningsloven (PBL) av 14. juni 1985 § 17-1, første ledd.

Følgjande regionale planer bør og leggjast til grunn for planarbeidet:

Vedtatte planar:

- Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - Fleire gode leveår for alle
- Regional kulturplan: Premiss – kultur vedtatt 2014

Under arbeid:

- Regional plan for kompetanse og arbeidskraft

Vi nevner til slutt at Kollektivstrategi for Hordaland- utvikling fram mot 2013 som eit aktuelt grunnlagsdokument

Høvet til samfunnsdelen

Nokre tema frå samfunnsdelen er sakna i planprogrammet for KPA. Desse er omtala under dei enkelte plantema.

Hovudutfordringar for Os

Generelt: Ein bør sjå kommunens hovudutfordringar i lys av nye styringsdokument og føringar i høve til fleire tema. Dette er omtala under dei enkelte punkt. Bruk silingsverktøy til hjelp her.

Prosess og medverknad

- Os legg opp til ein ambisiøs medverknadsprosess, og dette er positivt og nødvendig for å nå ut med informasjon, få innspel og forankre planarbeidet. Planforum understreker at det er viktig å komme i gang med medverknad som til dømes planverkstad, *tidlig* i prosessen. Askøy kommune kan vere ei god ressursbank for medverknad.
- Det er og viktig å identifisere grupper som er særleg relevante å fokusere på for å sikre kvalitet og gjennomføring i planen, jamfør Os sine utfordringar og fortrinn. Til dømes kan barn/ småbarnsforeldre, ungdomar, interessegrupper, tenesteytande og frivilligheit knytt til eldre og omsorgstrengande, eigedomspartar og næringsdrivande, vere aktuelle grupper å legge ekstra godt til rette for i medverknadsprosessen.
- God tverrfagleg og tverrsektoriell forankring vil forenkle prosessen vidare. Lillesand er eit godt eksempel.
- Tydeleg kommuniserte strategiar og kriterier for siling av innspel i første fase vil forenkle og optimalisere prosessen vidare.

Plantema

KU/ Utgreiingstema

- Ein bør synleggjere metodebruk i KU
- Støy er eit sentralt utgreiingstema
- KU bør og ha med levekårsundersøkingar

Areal og transport/ vekstområde

- Kommuneplanarbeidet legg opp til at utviklingsområda skal ligge innanfor ei 600 meters luftlinesone rundt dagens høgfrekvente kollektivtransport- eller 'der det må vere forventning om at nytt kollektivtilbod skal verte tilfredstillande'. Ein bør nyansere denne modellen jamfør nasjonale og regionale føringar for areal og transport og pågåande regional plan: Når ein skal setje grensene for vekstområde bør ein og sjå på:
 - Faktisk gangavstand og -tid, der ein tar omsyn til stikkveggar, topografi og lokalisering av busstopp og knutepunkt. Det at flest mogleg kan gå til eit kollektivstopp vil bidra positivt til misjonen om livskvalitet for alle.
 - Eksisterande infrastruktur i vekstsona, som må innfri dagens krav.
 - Senterstruktur, hierarki og funksjonsblanding jamfør senterplanen
 - Omsyn til verneverdiar. Vekstområda skal i hovudsak vere områder der vekst skal gå føre vern og motsett. Dette bør leggest til grunn for grenseoppgangen mellom vekst og verneområde.
 - Omsyn til fareområde
 - Behov for gjennomgåande blågrøne korridorar som bind saman blågrøn struktur i alle målestokkar
 - Prioriterte byggeområde må tre fram tydeleg til fortrinn for område som ikkje skal ta vekst

Senterstruktur

- Kart over kjerneområde for utvikling i gjeldande KPA for Os bør samkjørast og oppdaterast mot senterplanen, og dynamikken mellom dei ulike utviklingsområda bør greiast ut. Samspelet mellom Osøyro - Kuven, og Osøyro- Lyseparken vil vere særleg viktig å sjå på.
- Behovet for offentleg areal bør komme tydelegare fram i planarbeidet, og lokaliserast jamfør senterplanen.

Barn, unge og eldre

- Os kommune informerte om at dei har særleg fokus på gruppa barn og unge i planlegginga. Eit viktig moment for å gjere sentra attraktive for småbarn er godt og variert tilbod av nærleikeplassar og bustader som eignar seg for barnefamiljar. Ein bør kartleggje kva ungdomane saknar, ofte er det uformelle møteplassar med høg kvalitet nær kollektivtransport.
- Fokus på desse to gruppene vil og kunne gjere sentra meir eldre- og omsorgsvenleg, og bidra til å skape liv og tryggleik generelt.

Folkehelse og universell utforming

- Folkehelseoversikten bør prioriterast som eit viktig grunnlag for rulleringa av KPA. Den vil vise utfordringsbiletet og gi grunnlag for å prioritere.
- Ein saknar ein tydelegare konkretisering og vidareføring av folkehelsematikken frå lovkrav, regional plan og folkehelsemåla i samfunnsdelen. Gitt kommunen si sterke vekst, prognosane for demografiske endringar, ein vaksande gruppe eldre og omsorgstrengjande og ein meir differensiert befolkning, bør KPA rulleringa nyttast til å konkretisere misjonen 'Livskvalitet for alle' innanfor folkehelsematikken.
- Integrering som prosess, dvs. utjamning av sosial ulikskap, og bustad for alle med ein tydeleg boligsosial strategi, kan være gode tema å ta utgangspunkt i. Ein bør sjå kvantitative og kvalitative høve i samanheng.
- Som middel for aktivitet i kvardagen er nærområde viktigare enn friluftsområde.

Samferdsel: Trafikk, gang- og sykkel, parkering og kollektivtransport

- *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegranser på riks- og fylkesvegar i Region vest 2013-2016* (og evt revidert versjon) som er vedtatt i samferdsleutvalet og fylkesutvalet i 2013 bør leggest til grunn i arbeidet. Den bør brukast som silingskriterium og kommunen kan vurdere om dei vil la rammeplanen blir bindande for for eksempel byggjegranser langs veg. Sjå planen her: <http://intranett.vegvesen.no/Etat/Organisasjon/Organisasjonskart/Etatledelsen/regioner/Region+vest/Vegavdeling+Sogn+og+Fjordane/Plan-+og+forvaltningsseksjonen/rammeplan-avk%C3%B8yrsle-og-byggjegrense>
- Ein anbefalar vidare at det vert lagt inn omsynssoner langs dagens vegar for å sikre framtidig oppgradering og tilrettelegging for gange og sykling
- Det er utarbeidd ein nyare trafikksikringsplan enn det som er nemnd i utkastet til planprogram
- Tenk meir urbane løysingar for mobilitet i sentra, til dømes omlegging frå vei til gate og finmaska system for mjuke trafikantar.
- Det er viktig å vurdere kvar bustadene skal ligge i høve til eksisterande infrastruktur slik at det f.eks. ikkje blir lagt ut nye bustadområde som ikkje kan realiserast fordi infrastrukturen er for dårleg, og det blir for dyrt å bygge dette opp. Det samme gjelder for tilrettelegging for bustad på «feil» side av vegen som gjer kostnadskrevjande løysingar for kryssing naudsynt.

Strandsone, sjø og havbruk

- Strandsoneinteresser omhandlar i tillegg til sjø og vassdrag. Ein bør vurdere ei byggjegrans på for eksempel 100 meter for vassdrag.
- Planlegging i sjø bør omhandle meir enn friluftsliv og bli eit eige planfagleg tema, der vern og ulike bruksinteresser vert adressert.
- Strandsona i Os står under sterkt press frå ulike interesser. Den langsiktige forvaltninga bør handsamast på overordna nivå gjennom KPA og gje tydelege, føreseielege føringar. Her er tilgang, småbåtanlegg, småbåthamnar, landskap, naturverdi, biologisk mangfald og friluftsliv sentrale tema.
- Ein bør ta ein gjennomgang av strukturen og sjødelen av planen inkludert havbruk, og diskutere det i plansamarbeid med andre kommunar.
- Deponering bør inngå som tema

Vassdrag

- Planarbeidet bør generelt ha større fokus og presisjon på bladgrøne tema, sidan vassdrag og sjø er sentrale verdiar med ålmenn interesse. Elver må få god nok plass når ein legg til rette for intensivt arealbruk langs den, både av omsyn til ROS og naturverdiar.
- Os- vassdraget er verna, og ein må sikre fisk og høve knytt til biomangfald.

Næring

- Planarbeidet bør differensiere næringsformåla jamfør arbeidet med pågåande areal og transportplan, og til dømes lokalisere arbeidsplassintensiv næring og handel i senterområda
- Publikumsaktive føremål bør styrast mot regionsentre og lokalsentre, og vil kunne bidra til det ønskete bylivet på Osøyro.

Bustad

- Planprogrammet bør presisere kva ein legg i omgrepet 'bustad for alle'. Ein bør kartlegge kva grupper ein bør prioritere å støtte opp under. Aktuelle grupper kan til dømes vere flyktningar, eldre, menneske med omsorgsbehov og økonomisk svakt stilte grupper.
- Det vil vere ein fordel å presisere runde mål som 'tilrettelegging for alternative buførmer' med utgangspunkt i prognoser, levekår- og folkehelsekartlegging, slik at det vert tydelege mål som kan settast ut i livet i planarbeidet.

Natur-, landskap og biologisk mangfald

- Naturtematikken knytt til både landskap, naturtype og biomangfald bør gå inn som eit hovudtema i planarbeidet. Strategikartet frå 2002 er utgått, ein bør kartlegge nye utfordringar
- Ein bør hente inn føringane frå ny Naturmangfaldlov, og synleggjere og presisere verdiane og utfordringane knytt til natur og biologisk mangfald betre. Naturtypekartlegging bør ha større fokus.

LNF

- Differensiert forvaltning av LNF- bør utdjupast i dokumentet. Dei ein skilde bruksinteressene og utfordringane knytt til vern og bruk bør kartleggast og presiserast.
- Planforum kommenterte at tida for LNF-spreid i Os er forbi. Kommunen kan vurdere å legge inn føresegnar for dette som gjeld tiltak i eksisterande bebyggelse. Fylkesmannen har sendt ut et brev om dette tidligere: <https://www.fylkesmannen.no/Hordaland/Plan-og-bygg/Arealforvaltning/Dispensasjon/Rad-mot-dispensasjonar/>
- Ein plan som legg til rette for stor vekst bør ha ein langsiktig strategi for grenseoppgangen mellom dei store natur og kulturområda og vekstområda. Ofte gjerast dette med ei markagrense. Punktet gjeld også vassdrag og sjøområde.

Landbruk

- Interesser og utfordringar må komme tydelegare inn i planarbeidet.

Idrett

Fylkesidrettssjefen er positiv til bruk av midlar frå 2014 for verdisetting og kartlegging. Særleg fokus bør ligge på nær friluftsliv og strandsona.

Kulturminne

- Det er positivt at kommunen tek eit tydeleg grep når det gjeld ansvaret for kulturminne tidleg i planarbeidet, og legg regional kulturplan til grunn.
- Ein minner om at sjølv om ein har kartlagt kjente automatisk freda kulturminne kviler det på kommunen å oppdatere grunnlaget jamfør nye føringar, og vurdere potensialet for å finne nye kulturminne.
- KU: Positive omgrep i kommunale planar og dokument kan fremme positive haldningar til kulturminna, til dømes ville det vore eit tydeleg signal om det i staden for 'tap av kulturminne' sto 'potensialet i kulturminna' i KU dokumentet.

ROS/ naturfare

- Tidlegare ROS analyser bør vurderast etter nye krav og standard, og jamfør intensivert og/eller endra arealbruk. Os kommune ønskjer bistand i dette arbeidet.
- Vekst innanfor eksisterande strukturar må ta omsyn til at kommunen har mykje eksisterande bygg på lausmasse, der det er høgt potensiale for naturfare. Ein fortettingsplan må sikre at ein ikkje aukar faren, og vere robust sett med notidas blikk.
- Eldre planar må verte oppdatert jamfør nyare kunnskap, forventningar og rettleiingsmateriale. Kommunen må og ha særleg merksemd i kvar ein skild byggesak som vert fremma på grunnlag av eldre planar.
- Aktsomheitskartet er grunnlaget for ROS arbeidet, men dette fangar ikkje opp alt. Til dømes må alle byggeareal under marin grense vurderast som potensiell faresone for kvikkleire. Det finst en rettleiar med prosedyre for dette.

- Ein del eldre grunnlag er ikkje justert for klimaendringar, til dømes flomsonekart for Osvassdraget. Langs vann og store elvar må ein gjere stadeigne, konkrete vurderingar. Langs bekkar er ein aktsomheitsgrense på 20 meter eit godt utgangspunkt.
- ROS utfordringane bør leggest inn som ei silingskriterie i planlegginga, slik at ein får kartfesta areal som ikkje er eigna for byggeformål og areal som krev nærare vurdering eller der ein må setje inn spesielle tiltak. Kriteria bør fastsetjast i planprogrammet.

Gjennomføring

Det er viktig å ha fokus på gjennomføring og reiskapar som utbyggingsavtaler for å realisere veksten på ein god måte

3 Områdeplanen for Osøyro med framlegg til planprogram

3.1 Innmeldte hovudtema til planforum for områdeplan Osøyro

Os kommune meldt inn særleg fokus på desse tema:

- Utforming av framtidig bystruktur på Osøyro, kaifronten og i Finnebrekka
- Areal til handel, forretning og kontor
- Utforming av gjestehamn
- Plassering av gangbru(er) over Oselva
- Plassering av elvepromenade aust om Oselva
- Strategi for parkering av bil/sykkel i sentrumskjerna
- Grøne og blå strukturar
- Veg, gater og torg
- Retningslinjer for estetikk og utforming i sentrum
- Nyare kulturminne og verneverdige bygg
- Historiske, kulturelle og identitetsskapande element i Os
- Bustad for alle i alle livsfasar
- Balansert utvikling av handel
- Styrking av born og unges interesser i sentrum
- Fordeling av kostnader ved opparbeiding av felles tiltak
- Rekkefølge for gjennomføring av tiltak
- Legge til rette for detaljregulering gjennom krav til felles planlegging
-

3.2 Orientering

Arealplanleggjar Henning W. Ribe presenterte prosessen med områdeplanen for Osøyro. Framsyninga som vart brukt ligg ved referatet.

- Planprogrammet er politisk vedtatt
- Planavgrensinga er satt med utgangspunkt i landskapsrommet, slik det kan opplevast frå sentrum, men vil verte vurdert nærare før oppstart.
- Planarbeidet skal fastleggje dei arealmessege rammene med ein horisont på 25 år.
- Planområdet er delt inn i delområda A –D.

3.3 Tilbakemelding og innspel frå planforum

Overordna rammer for planarbeidet

Følgjande regionale planer bør og leggest til grunn for planarbeidet:

Vedtatte planar:

- Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - Fleire gode leveår for alle

Under arbeid:

- Regional plan for kompetanse og arbeidskraft

Vi nevner til slutt at Kollektivstrategi for Hordaland- utvikling fram mot 2013 som eit aktuelt grunnlagsdokument

Planavgrensing

- Ein bør vurdere å supplere kriteriene for planavgrensinga når ein skal finjustere denne, og ta omsyn til dømes til bygde strukturar, morfologi/ form, funksjon/ innhald, identitetsbærande element- og fortettingspotensiale jamfør ålmenta sine interesser og verneomsyn.
- Den ytre avgrensing av planen må vere bindande til oppstart
- Luranetunet bu- og behandlingssenter er ein stor arbeidsplass, tenesteleverandør og bustadområde, og generer aktivitet og liv. Ein bør difor vurdere om området burde inngå i planarbeidet.

Høvet til igangsetting og vedtatte private og offentlege planar

- Områdeplanen skal leggje til rette for kraftig vekst i form av intensivt arealbruk i sentrum. Dette er ei kursendring som gjer det naudsynt å gå gjennom alle igangsatte og vedtatte planar og vurdere grunnlaget for å vidareføre dei. Dette bør omtalast i planprogrammet.

Prosess og medverknad

- Os legg opp til ein ambisiøs medverknadsprosess, og dette er positivt og nødvendig for å nå ut med informasjon, få innspel og forankre planarbeidet. Planforum understreker at det er viktig å komme i gang med medverknad som til dømes planverkstad, *tidlig* i prosessen. Askøy kommune har erfaring ein kan bygge på knytt til medverknad.
- Det er og viktig å identifisere grupper som er særleg relevante å fokusere på for å sikre kvalitet og gjennomføring i planen, jamfør Os sine utfordringar og fortrinn. Til dømes kan barn/ småbarnsforeldre, ungdomar, interessegrupper, tenesteytande og frivilligheit knytt til eldre og omsorgstrengande, eigedomspartar og næringsdrivande, vere aktuelle grupper å legge ekstra godt til rette for i medverknadsprosessen.
- God tverrfagleg, tverrsektoriell og politisk forankring vil forenkla prosessen vidare. Lillesand er eit godt eksempel, men det finst og lokale eksempel.
- Os kommune ønskjer bistand til gjennomføring av ein workshop med vinnaren av European som del av medverknadsprosessen.

Plantema

- Generelt: Os utfordrast til å utvikle framtidsretta, integrerte, urbane løysingar i sentrumssatsinga. Ein kan bruke kulturminner, landskapsverdiar og arkitektonisk kvalitet, som verkemiddel til å forsterke Osøyo sin unike identitet, sentrale rolle og særleg attraktivitet som opplevingsarena og møtestad.

Barn, unge og eldre

- Os kommune informerte om at dei har gjort ein kartlegging av barn og unge sine interesser i Osøyro i samband med samfunnsdelen til kommuneplanen.
- Eit viktig moment for å gjere sentrum attraktivt for småbarn er godt og variert tilbod av nærleikeplassar og bustader som eignar seg for barnefamiljar. Ein bør kartleggje kva ungdomane saknar, ofte er det uformelle møteplassar med høg kvalitet nær kollektivtransport.
- Fokus på desse to gruppene vil og kunne gjere sentrum meir eldre- og omsorgsvenleg, og bidra til å skape byliv og tryggleik generelt. København har mange gode døme på slik heilskapleg planlegging for fleire brukargrupper.

Folkehelse og universell utforming

- Folkehelseoversikten bør prioriterast som eit viktig grunnlag for planen. Den vil vise utfordringsbiletet og gi grunnlag for å prioritere. Som regionsenter er Osøyro ei særleg rolle når det gjeld folkehelse knytt til tilgang og tenester.

- Ein saknar ein tydelegare konkretisering og vidareføring av folkehelsematikken frå lovkrav, regional plan og folkehelsemåla i samfunnsdelen
- Ein bør kartleggje om det er nokre grupper i befolkninga ein treng ha særleg fokus på i dette planarbeidet, og gruppa barn og unge skal *alltid* løftast fram i planlegginga. Det er likevel eit hovudmål, at planarbeid skal følgje universalitetsprinsippet, slik at det er i liten grad er *behov* for spesielløysingar for enkelte grupper
- Tryggleik i sentrum er sentralt tema

Mobilitet: Bil, gang- og sykkel, parkering og kollektivtransport

- Generelt: Os vert oppfordra til å tilrettelegge for differensiert, urban mobilitet i sentrumsplanen
- Føringar frå trafikksikringsplanen:
 - Samanhengande sykkelveiruter må inngå som premissgrunnlag
 - Utbyggingsavtalar og rekkefølgjekrav må omfatte avkøyrslar
- Gangvei og sykkel:
 - Planprogrammet inkluderer strategiar for bil og sykkel, men bør og adressere gang- og sykkelveistruktur, og samspelet mellom ulike former for mjuk, hard og kollektiv trafikk. Særleg gange og sykkelkonfliktar er eit aktuelt tema.
 - SVV vil ikkje motsetje seg at ein utviklar gatestruktur med tosidig løysing for gåande i sentrum.
 - Planarbeidet bør ta med og greie ut krysset Finnebrekka og Hatvikveien. Krysset er vanskeleg og bratt, innfrir ikkje dagens krav og tåler ikkje større trafikk.
 - Ein bør leggje til rette for store, attraktive sykkelparkeringsplassar for å lette bruken av sykkel
- Bru:
 - Det er behov for ny bru og utviding av eksisterande bru. Det må setjast av nok areal til både gåande og syklande.
 - Lokalisering av ny bru må sjåast i samheng med gjennomgåande gang- og sykkelnett og koblast til dette.
- Kollektiv:
 - Tema knytt til kollektivknutepunkt må inngå i planprogrammet og planarbeidet.
- Universell utforming:
 - Bruken av motoriserte transporthjelpemiddel aukar stadig og planen bør difor leggje til rette for motorisert rullestol og liknande. Her er både tilkomst, parkering og samspelet med parkering for bil aktuelle tema.
- Parkeringstrategi:
 - Ein bør tydeleggjere kva parkeringsstrategi som vert lagt til grunn for planarbeidet. Her må det kome fram kva som er behovet og korleis ulike parkeringsløysingar vert dimensjonert og handtert, til dømes bustadsparkering, korttidsparkering knytt til handel og tenester og innfartsparkering.
 - Os utfordrast til å utvikle framtidsette urbane løysingar i sentrum, til dømes tilrettelegging for bildelering.
 - Parkeringshus ved rådhuset vil okkupere eit sentralt areal. Planforum stiller spørsmål ved behovet, og ei eventuell alternativ lokalisering.

Vassdrag

- Planarbeidet bør generelt ha stort fokus på blågrøne tema sidan både vassdrag og sjø er sentrale element i området. Elva må få nok plass når ein legg til rette for intensivt arealbruk, både av omsyn til ROS og naturverdiar.
- Ein bør ha ein bevisst strategi for overvatn, og vurdere bekkeopning både av omsyn til fordrøyning og som ein bymiljøverdi.

- Ny gang- og sykkelbru krev god samordning av særlovsinteresser. Planarbeidet bør greie ut kva konsekvensar tiltak ein legg til rette for i og nær elva har for ålmenne interesser i vassdraget jamfør vassdragslovverket.
- Os vassdraget er verna, og ein må sikre fisk og høve knytt til biomangfald i vassdraget.

Strandsone, sjøfront og hamn

Allmenn tilgang, ROS og naturverdi er hovudtema for strandsona langs sjø og vassdrag

Tenesteyting

- Planprogrammet bør hente inn tenesteyting som eit hovudpunkt i planarbeidet.

Bustad

- Ein bør kartlegge og vurdere kva som er ein god mix mellom bustad og næring i sentrum.
- Tilrettelegging for varierte bustadtypar fremmer både byliv og sosial bærekraft

Natur-, landskap og biologisk mangfald

Landskap og naturmangfald bør gå inn som eit hovudtema i planarbeidet.

Kulturminne

- Det er positivt at kommunen tek eit tydeleg grep når det gjeld ansvaret for kulturminne tidleg i planarbeidet, og legg regional kulturplan til grunn.
- Ein minner om at sjølv om ein har kartlagt kjente automatisk freda kulturminne kviler det på kommunen å oppdatere grunnlaget jamfør nye føringar, og vurdere potensialet for å finne nye kulturminne.
- Ein god kartlegging og analyse som får frem stadhistoriske utviklingstrekk, særleg viktige element og kulturminna sitt potensiale for byutvikling og stadattraktivitet vil vere til hjelp i arbeidet. Her kan ein DIVE analyse være eit godt verktøy, som kommunen vert oppmoda om å søke midlar til.

Byform og arkitektur

- Tydelege grep med omsyn til byform og arkitektonisk kvalitet kan vere gode verkemiddel for å auke stadsattraktiviteten på Osøyro. Nokre aktuelle reiskapar kan vere:
 - En vei ledande plan for offentlege rom som kan sikre den heilskaplege strukturen.
 - Kvalitetshandbok for sentrumsområde, som bidrar til å skape heilskaplege løysingar og uttrykk.
 - Tydelege føresegner som sikrar at sentrum utviklar seg med urbane, bymessege og jamt høge kvalitetar.
 - Utbyggingsavtaler som sikre gjennomføring
- Arbeidet med plangrepet bør vise alternative grader av fortetting, høgder og typologi, og få fram ulike potensial for fortetting i dei ulike delområda i sentrumsplanen.